

Kommuneplanen sin samfunnsdel – innspel frå Svanøy Grendautval

Svanøy Grendautval vil med dette gi innspel til Samfunnssdelen til kommuneplanen 2024-2036 i Kinn.

Samfunnssdelen er eit av kommunens viktigaste reiskap og eit overordna strategiske dokumentet som med mål og strategiar skal syne kva retning vi vil samfunnet skal gå i. Svanøy Grendautval er samd i visjonen i samfunnssdelen som seier at saman har vi handlekraft på kysten og at Kinn skal vere ein attraktiv kommune i omstilling.

Samfunnssdelen tar føre seg mange viktige område med mål om å, som det står skrevet i kapittel 1.2 Kinn mot 2032 og 2042; «*saman skal vi skape levande og samskapande byar, nabolog og grender i heile Kinn.*»

Ved gjennomgang av høyringsdokumentet sitt vi att med eit inntrykk av at samfunnssplanen har eit stort og einsidig fokus på sentrumsnær utvikling i kommunen. Vi finn lite i samfunnssplanen som beskriv tiltak med mål om å utvikle levande og samskapande grender i Kinn. Til dømes i kapittel «Slik vil vi ha det i 2032 – 2042» er det ikkje eit einaste kulepunkt med fokus på grendane i Kinn.

I kapittel «2.3.2 Levande og samskapande lokalsamfunn» er heller ikkje distrikta nemnt. I kapittelet er det fokus på sentrumsnær utvikling i 10 minutt gang- og sykkelavstand, såkalla "10 minutt byen". Det skal også satsast på færre bygg å drifta og betre vilkår for effektiv tenesteproduksjon og arbeidsplassar i ein 10 minutt reiseavstand i bil frå sentruma våre.

Svanøy Grendautval opplev at samfunnssplanen har eit sterkt fokus på utvikling av berre sentruma og sentrumsnære område, mens utvikling av distrikta og grendane ikkje er omtalt i planen. Dette er bekymringsverdig, for kva er vel eit Kinn utan levande bygder? Livskraftige distrikt og gendar er viktige for å sikre handlekraft på kysten og for at Kinn skal vere ein attraktiv kommune, både for innbyggare, næringsliv og tilreisande.

Kinn Kommune er eit av landets største sjømatprodusentar, og nettopp ute i distrikta finn vi desse viktige næringane som er omtala i samfunnssplanen; havbruk og fiskeri. I tillegg er Kinn Kommune og ein landbruks kommune, og viktige matprodusentar på land finn ein og i hovudsak i distrikta og ikkje sentrumsnært. Felles for desse næringsaktørane er at ikkje berre representerer dei viktige brikker i levande og livskraftige gendar, høg verdiskaping og gode skatteinntekter til kommunen, men dei skaper og store ringverknader og grunnlag for sentrumsnære arbeidsplassar.

Kinn Kommune er ein kommune med vakker og variert natur frå kyst til fjell. Skal ein ivareta turist attraksjonar i distrikta og på øyer som til dømes Kinn og Svanøy er det og viktig at det er lagt til rette for levande lokalsamfunn i distrikta med stor grad av samspel mellom kommune, innbyggjarane, frivillige, kunnskapsmiljø og næringsliv.

I kapittel 2.3.4 Sikre likeverdige tenester, under avsnitt Pleie- og omsorg, står det;
«*Frå 2024 aukar talet eldre over 80 år kraftig i Kinn. Det vert også ein sterk auke i talet på menneske med demenssjukdom. Framover vil det derfor vere naudsynt med strammare tildeling av tenester. Innbyggjarane må rekne med å bu i eigen heim lenger, og også klare seg sjølv i mykje større grad. Ny tenestestandard strammar inn kriteria for å få teneste, og vektlegg sterkare støtte til å bu i eigen heim lengst mogeleg.*»

Å ivareta mål om likeverdige tenester og å bu i eiga heim lengst mogleg, reknar vi med at og gjeld for innbyggjarane som ikkje bur sentrumsnært, men dette kan lett verte svært resurskrevjande om ikkje ein har gode planer for korleis dette kan løysast. Slike planer er ikkje å finne beskrive i samfunnssdelen.

Svanøy Grendautval ser med uro på at samfunnsdelen ikkje er tydeleg på mål og planer for å utvikle og styrke distrikta i kommunen. Samspel med frivillige, innbyggare og næringsliv kan gi gode løysingar som vidare kan bidra til å nå ulike mål i samfunnsplanen - også i distrikta.

Tiltak som er viktige for å ivareta livskraftige distrikt er:

- Minimum av likeverdige tenestetilbod
- Infrastruktur, mellom anna veger og samferdsle
- Utviklingsmoglegheiter for næringsliv og innbyggare

Svanøy Grendautval ynskjer å bidra i eit konstruktivt samarbeid med Kinn Kommune for å finne og etablere gode løysingar som er tenlege for heile kommunen med mål om å ivareta viktige målsettingar i samfunnsplanen. Vi har nokre konkrete innspel til moment som vi ynskjer skal tas med i samfunnsplanen;

Kommunale servicepunkt og Merkur-programmet er tiltak som ikkje er omtala i samfunnsplanen, og som bør tas med i samfunnsplanen med ei målsetting om å både styrke og utvikle desse to ordningane. I dag er kommunale servicepunkt og Merkur-programmet viktige tiltak for å sikre gode lokalsamfunn. Å satse på nærbutikken som kommunens forlengede arm i distrikta er smart, då dette allereie er ein naturleg møteplass for folk i alle aldre. I fremtida kan fleire funksjonar samles og Kinn kommune kan få mykje valuta for kvar krone dei støttar nærbutikken med om dei har lagt ein plan for dette.

Kinn Kommune er ei kommune med ei utfordrande geografi og spredt busetting frå den ytterste øy til den innerste dal. Det burde vært med eit eiga mål i samfunnsplanen om eit lokalutviklingsprogram for livskraftige distrikt.

Infrastruktur er og viktig for livskraftige distrikt, og Svanøy Grendautval ynskjer at Kinn Kommune har mål om å investere for å ha eit veg, vatn og avløpsnett som gir gode rammer for utvikling av næringslivet og sikrar trygge tenester til innbyggjarane i heile kommunen.

For å sikre likeverdige tjeneste innen pleie- og omsorg og for å ivareta mål om å bu i eigen heim lengst mogleg så trur Svanøy Grendautval at kommunen må styrke tenestene i trinn 3 i innsatstrappa og ha fleksible og ulike verktøy i verktøykassa for dei som bur sentrumsnært og dei som bur i distrikta. Mangeårig opphold på institusjon er fordyrande for kommunen, og ved samspel og samarbeid med det frivillige, innbyggjarane og næringsliv kan det finnes ressurseffektive nye løysingar for å ivareta dei eldre i tråd med mål i samfunnsplanen også ute i distrikta.

Svanøy Grendautval vil ynskje Kinn Kommune lykke til med det viktige arbeidet med ferdigstilling av «Samfunnsdelen til kommuneplanen 2024-2036 i Kinn».

Svanøy 30. september 2024

Venleg helsing
Styret i Svanøy Grendautval
v. Solveig Willis